

## **Referat frå Samarbeidsutvalet ved Nesflaten oppvekstsenter 22.06.16**

**Sak 01/16** Informasjon om kva Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet er, og representantane sine rettar og plikter.

Samarbeidsutvalet (SU) har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen : budsjett, utviklingsplanar, ombygging og vedlikehald av skuleanlegg, skuleskyss, trafikkforhald, ordensreglement.

Skulemiljøutvalet (SMU) arbeider for eit godt skulemiljø. SMU kan be skulen om konkrete tiltak for å betre skulemiljøet.

**Sak 02/16** Konstituering av leiar og skrivar.

Leiar, Torstein Mikal Bratland (vara foreldrerep. i bhg.) og skrivar, Tone Thorbjørnsen (tilsette i bhg)

**Sak 3/16** Rutine for skuleskyss i Suldal.

I Suldal kommune si «Rutine for skyss i grunnskulen» står det at i Øvre Suldal har me strekninga Vallarvika – Nesflaten oppvekstsenter som blir sett som farleg/vanskeleg skuleveg. Denne strekninga har lang og smal tunnell utan andre alternative vegar å gå. SU meiner at strekninga Kilen – Nesflaten oppvekstsenter òg kan vera ein farleg/vanskeleg skuleveg. Ved mykje nedbør blir elva stor og vatnstandaren høg. Ved dette tilfelle blir trebrua mellom Kilen - Granden stengd og elevane må sykla/gå rundt Nesflaten, der vegen er veldig smal ved visse partiar. SU at desse elevane bør få tilbod om skuleskyss dei dagane brua blir stengd.

**Sak 4/16** Orientering om tryggleiksplan

Sidan SU ikkje hadde tilgong til trafikktryggleiksplanen før møte, vart SU einige om at einingsleiar lagar nytt utkast til neste møte der me då tek føre oss punktane.

### **Sak 5/16** Årsplan for barnehage

Årsplanen for 2015/2016 for barnehagen ved Nesflaten oppvekstsenter kan ikkje bli godkjent av SU, då årsplanen ikkje har blitt utlevert på førehand av møte.

Einingsleiar informerte SU at satsingsområdet til barnehagen frå hausten 2016 vil vera «Være sammen», eit satsingsområde som alle barnehagane i Suldal kommune er med på. «Være sammen» handlar om det å vera ein autoritative vaksen.

I tillegg vil barnehagen starte opp med «My Kid», eit kommunikasjonsprogram mellom barnehage og foreldre/føresatte.

### **Sak 6/16** Skulefridag for skuleåret 2016/2017

I SU møte 22.06.16, kom det opp ny sak om endring av fridagen for 1. – 4.trinn frå fredag til onsdag, etter ønskje frå foreldre til elev i 1. – 4.trinn. Eleven har ein funksjonshemming. Skulefridagen for 1. – 7. trinn har vore kvar fredag for 1. – 2. trinn, annan kvar fredag for 3. – 7.trinn, etter ønskje av foreldra/føresette ved Nesflaten oppvekstsenter. På siste FAU møte som var 29.mars, der fungerande einingsleiar Nils Erik Eide var tilstades, var denne saken teke opp, og etter ringerunde blant foreldre/føresatte blei dei samde om å fortsetje med fredag som skulefridag. I april vart det kalla inn til ekstra foreldremøte for 1. – 7.trinn om ny revurdering av skulefridagen av foreldre til eleven i 1. – 4.trinn. I følgje FAU representantane på SU møte var ikkje dette sett på som positivt p.g.a kort tid til neste skuleår. Foreldrerepresentanten i barnehagen vil senda spørsmål til Kommunalsjef Nils Erik Eide om det verkeleg har seg slik, at i medisinske samanheng, har SU verkeleg lov til å ta slike avgjerdsar?

SU, SMU og FAU er eit rådgjevande organ for heimane og skulen som gjeld for alle elevane. Det er einingsleiar som kan ta dei avgjerande avgjerdsar.

SU vil ikkje gjera endring av skulefridagen nå, men vil tilrå skulen om å fordela dei tyngste faga spreidd utover skuleveka, særskilt til elevane i 1. – 4.trinn. SU gjev saka vidare til einingsleiar som kan koma med innspel til FAU slik at dei kan ta opp att denne saka til hausten.

Når det gjeld endring av fridagar av eit skuleår, må dette koma på eit mykje tidelegare tidspunkt, og ikkje koma opp som sak i SU, siste dag før sommarferien.

## **Informasjonssaker**

### SFO skuleåret 2016/2017

Eitt barn har søkt om SFO for skuleåret 2016/2017. SFO kjem til å ha samarbeid med barnehagen, der 32% stilling følgjer med.

### Valfri planleggingsdag for barnehagen

Valfri planleggingsdag har barnehagen sett til 2.januar 2017

### Ombygging av skulen

Oppstart av ombygging av Nesflaten oppvekstsenter vil bli hausten 2016. SU stiller seg bak nokre spørsmål når det gjeld ombygginga av skulen. Har SU fått uttalerett til denne saka? Kor mange elevar vil det bli plass til når ombygginga er ferdig? Foreldrerepresentant for barnehagen har vore i kontakt med Kommunalsjef Nils Erik Eide om det siste spørsmålet. Kommunalsjefen vil ikkje uttale seg om dette noko SU er redd for at ombygginga vil/kan bli til ein sniknedlegging av ungdomstrinnet.

### Endring i stillingar i skule og barnehage 2016/2017

#### **Skulen:**

Ein lærar har sagt opp si stilling frå 01.04.16,

tre lærarar: 100%, ein lærar: 80%

ein lærar 80% er ute i barselpermisjon 2016 – 2017

#### **Barnehagen:**

Pedagogisk leiar manglar, ny utlysing

Ein assistent og to barne – og ungdomsarbeidarar

Det kan bli utlyst ein 30 – 40% stilling til hausten. Dette er noko usikkert endå.

### Kva veit me om neste skule/barnehage år?

SU har fått tildelt skule –og barnehagerute for året 2016/2017

## KLU – klasseleiing i utvikling

Frå hausten 2016 vil ungdomstrinnet vera med i ein satsing for klasseleiing. Klasseleiing handlar om å skapa eit positivt læringsmiljø der elevane kan konsentrera seg og bli meir motiverte for læring og utvikling. Ungdomstrinnet på Nesflaten oppvekstsenter vil setje fokus på variert -, meir praksis -og utfordrande undervisning. KLU satsinga vil pågå i 1,5 år, skuleåret 2016 – 2017 samt hausten 2017.

Under arbeidet vil Brit Elin Håranes, utviklingsrettleiar, frå Sand skule samt Høgskulen i Stord (HSH) følgje ungdomstrinnet opp i arbeidet.

## **Ymse**

- Elevrådet har frå hausten 2016 at ønskje om å få veggur som fungerer i alle klasserom, garderober og gymsal. Dette er endå ikkje teke tak i.
- SU ønskjer å få tilsendt saksliste samt andre skriv i forkant av møte.

Møteleiar

Torstein

Mikal

Bratland

Skrivar Tone Thorbjørnsen

Nesflaten 30.06.16